
Saksnr: 2020/43257-5
Saksbehandlar Nina Gjester Hoel
Dato: 26.09.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesdirektøren

Orientering om tildelte tilskot i 2021 innan klima, folkehelse og stadutvikling

Gjennom tilskotsordningane til Seksjon for Plan, klima og folkehelse støtter vi prosessar og prosjekt i kommunane som føl opp dei overordna måla i Utviklingsplanen, gjeldande regionale planar, og strategiar, overordna føringar, inkludert FN sine berekraftsmål. Den 2. mars 2021 vedtok Fylkesutvalet saka «Tilskotsordningar for plan, klima og folkehelse». I tråd med vedtaket følger ei oppsummering av kva fylkeskommunen har gitt midlar til innanfor støtteordningane.

Samhandling

For 2021 var det eit mål at tilskotsordningane i seksjon for plan, klima og folkehelse skulle samvirke i større grad enn tidlegare. Midlane vart lyst ut i mars 2021, og det blei understreka at eit tverrfagleg fokus på satsingsområda ville styrke søknaden. Det var felles søknadsfrist 30.04.21. Søknader som famna om fleire område fekk tverrfagleg gjennomgang og vurdering. Vi valde å ha kun ei utlysing i 2021 ettersom det kom inn mange gode søknader, og det ikkje vart restmidlar til ei andre søknadsrunde. Enkelte søknader fekk økonomisk støtte delvis frå midlar til stadutvikling og delvis frå midlar til folkehelsearbeid ettersom dei svarte ut vilkåra for begge ordningane.

Tildeling

I 2021 har vi tildelt midlar innan tilskotsordningane «Tilskot til kommunale klimatiltak», «Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak», «Tilskot til drift av miljø-organisasjonar», «Tilskot til innsats for sosial utjamning av helseskilnadar i kommunen» og «Tilskotsordning for levande byer og stader i Vestland». Ramme for tilskotsordningane var 9 400 000 kr. Grunna vidareføring av midlar frå urealiserte prosjekt frå tidlegare år er til saman 450 000 kr lagt til tilskotsordningane for stadutvikling og for klima. I 2021 er det difor løyvd 9 840 000 kr til saman innan desse tilskotsordningane.

Sakshandsaming:

Tilskotsordningar - Klimaomstilling

For 2021 har det vore tre tilskotsordningar knytt til klimaomstilling. Det var øyremerkta totalt 2,6 millionar til desse tre tilskotsordningane.

Tilskotsordning for kommunale klimatiltak

Det blei løyvd midlar til kunnskapsgrunnlag for klima og naturmangfald-planar, tiltaks-analysar og medverknad knytt til klimaplanar for å auke kunnskapen som ligg til grunn for nye klimaplanar som er i gong i fleire kommunar. Dette aukar også kompetansen blant tilsette i administrasjonen, og nye klimaplanar med god innbyggjar-involvering vil styrke det lokale klimaarbeidet. Fleire kommunar søkte midlar for enkelte klimatiltak, og for mogleighetsstudie for større prosjekt. Desse blei ikkje prioritert. Det kom inn 20 søknader, og det blei søkt om 4 801 300 kr. 11 kommunar fekk innvilga tilskot. Det blei løyvd 1 605 000 kr i tilskot, der inga enkeltløyving var over 200 000 kr som var grense for administrativ avgjersle. Sjå fleire detaljar i vedlegg 2.

Tilskotsordning til lokale klima- og miljøtiltak

Det kom inn 19 søknader totalt. Prosjekt som fekk midlar var prosjekt der fleire fekk moglegeheit til å delta samt bli engasjert. Prosjekt som fekk støtte varierte frå små lokalprosjekt for å lage ein grønare barnehagekvardag, til å arrangere større arrangement for å jobbe med berekraftige matvanar, haldningskampanjar knytt til marin forsøpling og plastutfordringar, samt arrangere miljøjournalistkurs for born og unge m.m. Det kom inn søknader på 1 820 000 kr, og det blei løyvd 335 000 kr. Inkludert i dette er to prosjekt som søkte om overføring av løyvingar à 50 000 kr frå 2020 til aktivitet i 2021. Dette vart innvilga, og det er vidareført totalt 100 000 kr. Ingen fekk tilsegn på meir enn rammene på maksimalt 50 000 kr. Sjå vedlegg 3.

Tilskotsordning til drift av miljøorganisasjonar

Ved frist hadde 6 ulike organisasjonar og verksemder søkt om midlar. I tråd med retningslinjene blei miljøorganisasjonar som kunne vise til medlemsmasse og/eller aktivitet i større geografiske område i Vestland prioritert. Innanfor dei økonomiske rammene til tilskotsordninga blei det Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Hordaland som fekk støtte. Dei søkte også om fleire enkeltprosjekt, men det blei prioritert å løyve driftsmidlar då mange av dei omsøkte prosjekta inngår i den årlege aktiviteten til organisasjonen. Det kom inn søknader for 1 470 000 kr, og det blei løyvd 750 000 kr. Ingen fekk tilsegn på meir enn rammene for administrativt avgjersle. Sjå fleire detaljar i vedlegg 4.

Tilskotsordning til innsats for sosial utjamning av helseskilnader i kommunen

Vi lyste ut midlar til sosial utjamning av helseskilnader med ei ramme på 3 000 000 kr. Ordninga «*Tilskot til innsats for sosial utjamning av helseskilnader i kommunen*» fekk inn 14 søknader frå 13 kommunar med eit søknadsbeløp på 4 205 000 kr. Av desse fekk ein søknad avslag, mens resterande søknadar fekk fullt eller delvis tilsegn om tilskot. Totalt er 2 675 000 kr fordelt på 13 kommunar. Av dei 3 millionane sett av til ordninga vert 325 000 kr med på å støtte søknadar til ordninga «*Tilskot til levande byer og stader*». Sjå detaljar i vedlegg 5.

Søknadane er vurdert ut frå om dei er i tråd med vilkåra, og om dei støttar opp om eit eller fleire av innsatsområda for ordninga. Søknadar som fekk støtte omfattar mellom anna:

- styrking av kommunen sitt kunnskapsgrunnlag/folkehelseoversikt knytt til sosial ulikskap
- auka kompetanse om arbeid med sosial utjamning på tvers av kommunale sektorar
- utvikling av tiltak i tråd med kommunen sitt kunnskapsgrunnlag som skal bidra til sosial utjamning

Tilskotsordning for levande byer og stader i Vestland

Det var sett av 3,8 millionar kroner til Tilskot til levande byer og stader. Den tverrfaglege vurderinga av søknadene mellom plan, klima og folkehelse førte til at «*Tilskotsordning for innsats for sosial utjamning av helseskilnader i kommunen*» bidrog med 325 000 kr til søknader til stadutvikling. Det er også vidareført noko midlar frå eit urealisert prosjekt for Måløy, og 350 000 kr er difor lagt til tildelings-potten for 2021. Desse midlane går i år til nytt prosjekt i Måløy sentrum. Totalt utdelte midlar innan til stadutviklingsprosjekt i sum kr 4 475 000 kr i år. Dette på bakgrunn av tverrfagleg samarbeid og tildeling mellom tilskotsordningane plan, klima og folkehelse og vidareføring av midlar frå urealisert prosjekt i Måløy til nytt prosjekt på same staden.

I år fekk vi inn totalt 20 søknader til tilskotsordninga for by- og stadutvikling, og omsøkt beløp var på 13 222 500 kroner. Søknadssum har variert mellom 100 000 kr til 3 000 000 kr. 16 prosjekt har fått tilsegn om tilskot. Prosjekta omfattar etablering av mellombelse og permanente møte-plassar, forprosjekt og medverknadsprosessar, støtte til kunnskapsgrunnlag, og støtte til opprusting av offentlege rom. Sjå detaljar i vedlegg 6.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - PS 2021 Tilskotsordningar i seksjon for plan, klima og folkehelse

Vedlegg 2 - Tildeling av tilskot til kommunale klimatiltak

Vedlegg 3 - Tildeling av tilskot til lokale klima og miljøtiltak

Vedlegg 4 - Tildeling av tilskot til miljøorganisasjonar

Vedlegg 5 - Tildeling av tilskot til sosial utjamning av helseskilnader i kommune

Vedlegg 6 - Tildeling av tilskot til levande byer og stader